


# Årsmelding 2024



M U MUSEUMSSENTERET  
H O I HORDALAND

# MUHO – eit kultur- og naturarvsmuseum

Museum for levande kultur- og naturarv, industriarv og kompetansemiljø for bevaring. Spydspissane Levande natur- og kulturarv, Industriarv, Migrasjon og mangfold og Bevaring er dei tematikkane som definerer oss som museum. Dei beskriv det som er unikt og viktig for oss, vårt DNA og det som bind oss saman og gjev retning til vårt arbeid. Musea er lokaliserte i Bergen, Osterøy og Alver. MUHO forvaltar det freda nasjonale teknisk - industrielle kulturminnet, Salhus Tricotagefabrik, det freda nasjonale kulturlandskapet, Havrå, og vi har ansvar for dei verna kystlyngheiene på Lygra. Osterøy museum og Vestnorsk utvandringssenter har omfattande samlingar av museumsbygg og gjenstandar kor forvalting av immateriell kulturarv og migrasjon i eit heilskapleg perspektiv, har fokus. Kulturminna vert forvalta gjennom bruk og skjøtsel og med høgt fokus på handlingsborene kulturarv og immateriell kulturarv. MUHO driv fellesmagasin, tilbyr konserveringstjenester av høgaste faglege kvalitet og tilbyr musea i Vestland råd og rettleiing innan bevaring og forvalting av gjenstandar.

MUHO skal vere eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Dette ligg til grunn for planane og arbeidet som vert utført gjennom formidling av kunnskapen på våre museum og gjennom samarbeidsprosjekt, utstillingar, deltaking i forskingsprosjekt, debattar og publiseringar.

MUHO tilbyr heilskaplege og eksklusive kunnskapsopplevelingar prega av høg kvalitet med engasjerte og kunnskapsrike tilsette. Hos oss opplever ein ikkje berre unike kulturminne og kulturmiljø, men vi er levande destinasjonar der dei besøkande kan sjå kunnskap bruk i drifta av anlegget, dei kan bøltre seg i utandørs miljøa, her er det nok plass til heile familien og ein kan bruke god tid både i utstillingane og i kafeane med utsikt til fjorden eller llynghiene.


**Visjonen vår: Viktige stemmer i tida**

**Verdiane våre: Likeverd - Kompetanse - Openheit – Engasjement**



## Innhald

<b>1. INNLEIING</b>	<b>4</b>
<b>2. NØKKELTAL</b>	<b>5</b>
<b>3. ORGANISASJON</b>	<b>6</b>
STYRET	6
PERSONALE	7
<b>4. ØKONOMI</b>	<b>8</b>
<b>5. HEILSKAPLEG SAMLINGSUTVIKLING</b>	<b>9</b>
<b>6. TRYGG IVARETAKING</b>	<b>10</b>
<b>7. KULTURLANDSKAP</b>	<b>10</b>
<b>8. IMMATERIELL KULTURARV</b>	<b>11</b>
<b>9. BYGG OG ANLEGG/ BYGNINGSVERNARV</b>	<b>12</b>
<b>10. FELLESTENESTER FOR MUEA I HORDALAND</b>	<b>12</b>
<b>11. RELEVANT FORMIDLING</b>	<b>13</b>
<b>12. SOLID KUNNSKAPSProduksjon</b>	<b>16</b>
<b>13. KLIMA OG MILJØ</b>	<b>18</b>
<b>14. ARBEID I MUSEUMSREGIONEN</b>	<b>18</b>
<b>15. MANGFALD OG INKLUDERING</b>	<b>19</b>
<b>16. FRIVILLIG ARBEID</b>	<b>20</b>
<b>17. REKNESKAP OG REVISJONSRAPPORT</b>	<b>21</b>
<b>18. REVISJON 2024</b>	<b>23</b>
<b>19. MELDING FRÅ STYRET</b>	<b>24</b>
<b>20. DETTE ER MUHO</b>	<b>26</b>



Nevenyttige barn på Osterøy museum

## 1. Innleiing

I ei tid der ytringsfridom og demokratiske verdiar er under press over heile verda, markerer Regjeringa sitt forslag til ny kulturlov i 2024 eit skilje i norsk kulturpolitikk. Kultur, tidlegare sett på som ei «ikkje-lovpålagt» oppgåve, blir no eit tydelegare offentleg ansvar. Dette er ei tryggande utvikling i ei verd som endrar seg raskt og stiller nye krav til vår eigen omstillingsskapasitet. Kulturen si tyding strekkjer seg langt utover opplevingar; det handlar om helse, inkludering og økonomisk utvikling.

Som fundamentet for eit levande demokrati, skapar kulturen rom for ytringsfridom, kritikk, dialog og forståing. Den styrker samfunnssdeltakinga, spesielt blant unge og menneske med låg sosioøkonomisk bakgrunn, og bidreg til betre helse og livskvalitet. Investering i kultur er òg ei investering i økonomisk utvikling, ved å skape arbeidsplassar, tiltrekke turisme og styrke vår attraktivitet.

### Motstandsyktige museum i møte med udemokratiske krefter

Norske museum er viktige institusjonar som fremjar ytringsfridom og demokratiske verdiar. Prinsippet om armlengders avstand er grunnleggjande for at musea skal kunne operere fritt og uavhengig, utan innblanding frå politiske eller økonomiske interesser. Men kva skjer om dette prinsippet blir utfordra? Kva om årets tilskotsbrev ikkje lenger framhevar viktigheita av mangfold og inkludering, men blir eit instrument for å fremje heilt andre verdiar. Er det realistisk? Vi veit at museumskollege i Polen lenge har frykta for framtida, etter å ha vore utsett for utilbørleg press frå myndighetene, og der andre verdskrigmuseet i Gdansk er blitt sjølve symbolet på denne kampen.

### MUHO si rolle i samfunnsutviklinga

Museum er uvurderlege kulturinstitusjonar fordi dei til saman sit

på heilskapleg omstillingsskompetanse for samfunnet og spelar ei viktig rolle i å forstå og finne løysingar på samfunnsutfordringar. Mange museum tek vare på forståinga av korleis vi som samfunn har møtt og tilpassa oss tidlegare endringar, og andre museum tek vare på materielle og immaterielle ressursar som gjer oss betre rusta til omstilling i møte med nye utfordringar, utan å tape verdiar som er viktige for samfunnet vårt. Til dømes bidreg MUHO med spesifikk kompetanse, forvalting og vidareformidling av berekraftige teknikkar og løysingar knytt til matproduksjon på norske ressursar. Dette omfattar både faktiske kulturlandskap med særeigne kvalitetar av natur og matberedskap, og den immaterielle kunnskapen om korleis landskapet og ressursane i det skal forvaltas for å tolle værskeife og klimaswingingar. Vidare formidlar vi heilskapleg kunnskap om miljøvern og berekraft med utspring i samlingane våre, og fungerer som viktige arenaer for læring og utvikling.

### Tillit og balansert debatt

Museum nyt stor tillit i det norske samfunnet og spelar ei avgjerande rolle i å sikre ein balansert debatt. Dei motverkar desinformasjon og fremjar kunnskapsbaserte diskusjonar. I ei tid prega av auka polarisering og spreiling av falske nyheter, er musea sitt arbeid meir relevant enn nokosinne. Ved å støtte og styrke musea, investerer vi ikkje berre i bevaring av kulturarven, men òg i framtida til det demokratiske samfunnet vårt, der musea er sentrale aktørar i arbeidet med å bygge eit inkluderande, kunnskapsrikt og berekraftig samfunn for alle.

Mange museum, oss sjølv inkludert, opplever å stå i krevjande tider, med skrantande økonomi og stadig meir tyngande vedlikehaldsetterslep å handtere. Då er det viktig å halde fast i den viktige rolla vi spelar i samfunnsutviklinga.



Sommarskule i Naustvika


## 2. Nøkkeltal

	2024	2023	2022	2021	2020
<i>Tal på besøk</i>	26 558	25 555	20 546	15 945	9 578
<i>Årsresultat*</i>	-1 189	-1 342	2 478	950	2 266
<i>Eigenkapital*</i>	26 021	25 912	27 254	24 776	23 826
<i>Faste tilsette</i>	51	55	50	52	45
<i>Kulturhistoriske bygningar</i>	101	102	103	103	103
<i>Gjenstandar</i>	37 911	37 675	39 470	40 609	40 357
<i>Foto</i>	17 894	17 837	17 764	17 763	17 741
<i>Kulturlandskap (dekar)</i>	3 580	3 580	3 580	3 580	3 580
<i>Årsverk (faste)</i>	47,7	47,7	42,66	41,7	34,7
<i>Tal årsoppg. til lønsmottakar</i>	109	117	119	110	100
<i>Sjukefråvær</i>	4,63%	6,3%	5,41%	5,45%	6,25 %

\* Tal i tusen kr

## 3. Organisasjon

Som resultat av aktiv leiargruppeutvikling, fokus på arbeidsmiljø, arbeid med felles fagplanar og strategiprosjekt har vi styrka strukturane som bidrar til meir arbeid på tvers, har styrka fagfelta og fått eit meir konstruktivt samarbeid som fremjar endringsvilje.



## Styret

Styremedlem	Oppnemnt av
<b>Sara Hamre Sekkingstad - styreleiar</b> (vara: Lars Fjeldstad)	<b>Kommunane i Nordhordland</b>
<b>Kamilla Karlsen - nestleiar</b> (vara: Kurt Hæggernæs)	<b>Vestland fylkeskommune</b>
<b>Gunnar Moland</b> (vara: Christer Lilleskare Olsen)	<b>Vestland fylkeskommune</b>
<b>Per Erik Gåskjenn</b> (vara: Christine Henriksen Ødegaard)	<b>Bergen kommune</b>
<b>Tone Hellesund</b> (vara: Åslaug Ommundsen)	<b>Universitetet i Bergen</b>
<b>Hanne Dale / Anneli Belsvik Aras</b> (vara: Monika Sunnanå Ravnanger)	<b>Tilsette</b>



## Personale

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 51 faste tilsette i 47,7 årsverk. 20 % av dei faste tilsette er menn, 80 % er kvinner. I tillegg har vi hatt 24 personar som har vore sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 50,77 faktiske årsverk i 2024. Styret har 6 medlemer: 4 kvinner og 2 menn.

### Helse, miljø og tryggleik

MUHO er ei IA-verksemد og legg til rette for arbeidstrening og praksisplassar for personar frå NAV der det er mogleg. Gjennom året har det vore fleire personar innom på ulike tiltak i fleire avdelingar.

MUHO har avtale om bedriftshelseteneste med Agil helse.

Vi har hatt tre møte i AMU i løpet av året. I tillegg hadde vi tre samrådsmøte (partssamansett utval).

Det årlege kurset i bruk av hjartestartar og førstehjelp vart gjennomført i mars og juni. Det var workshop med fokus på utviklingsarbeid i oktober 2024.

### HMT-måla våre for 2024 var:

- Skape eit godt arbeidsmiljø ved å bruke STAMI sitt verktøy for områda organisering, engasjement, anerkjenning, leiring og føreseieleighet, samt psykologisk trygghet.
- Fullføre identifisering i bruken av og eksponering for helse- og miljøfarlege stoff i heile MUHO og lage tiltaksplan for handtering av dette, inkludert ansvarsfordeling og opprettning av eksponeringsregister.
- Sikre betre rutinar for låse/stenging/alarm, samt rutinar for oppfølging og lukking av avvik.
- Identifisere tiltak og mål for reduksjon av sjukefråvær.

Sjukefråværet i 2024 var 4,63 %, ein nedgang frå 6,3 % i 2023. Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2024.

MUHO har gjennomført kartlegging for Aktivitets- og redegjørelselsplikten (ARP), sett opp rutinar for dette arbeidet og utarbeida handlingsplan. Arbeidet med ARP har òg gitt auka fokus og bevisstheit på likestilling, og tiltak mot opplevd diskriminering og trakkassering.

### ARP-rapporten finn du her:

<https://dms-cf-02.dimu.org/file/069EGKh9r6cGA>  
<https://dms-cf-06.dimu.org/file/019EE8iPks8dJ>

## 4. Økonomi

Årsrekneskapen til Stiftinga Museumssenteret i Hordaland er avgjort etter rekneskapslova sine reglar for små føretak og under føresetnad om fortsett drift. Årsresultatet for 2024 syner eit underskot på 1.189.234 kr. Fråfall av Post-71 midlar frå Klima- og miljødepartementet på kr. 1.130.000 til Lyngheisenteret og Havrå ein av hovudårsakene til underskotet og gjer drifta av desse viktige kulturlandskapa særer utfordrande. Forvaltinga av desse kulturlandskapa har aldri lagt til grunn for nivået på driftstilskot frå KUD, men det har alltid vore ein fordeling av ansvaret mellom KLD og KUD, der KLD har finansiert oppgåvane knytt til kulturlandskap. Når no dette prinsippet ikkje lenger gjeld, må KUD saman med fylkeskommunen og kommunen ta ansvar for å finansiere dette området med auka driftstilskot.

MUHO har også store oppgåver knytt til utvikling og oppgradering, samstundes som det er utfordrande å få drifta i balanse. Difor har vi også i år hatt fokus på god bruk av dei tilsetteressursane vi har til rådvelde og vi har jobba for å skaffe meir eigeninntekter og fleire prosjektilskot.

I 2024 utgjorde løns- og pensjonskostnadene 69,6% av totale driftskostnader, om lag det same som i 2023. Pensjonskostnadene har auka og utgjorde heile 14,6% av totale lønskostnader. Reguleringa av årlege driftstilskot følger ikkje same utviklinga som løns- og prisvekst og dette er bekymringsfullt.

Kostnadene til straum utgjorde 1,6% av kostnadene i 2024. Straumforbruket var på 668.374 kWh i 2024, om lag på same nivå

som i 2023 (666.566 kWh). Vi reknar med ein nedgang i 2025 då vi vil få full utteljing av dei store investeringane vi gjorde i ENØK i 2022-2024. Normalnivået var tidlegare på om lag 1. mill. kWh i året. Vi reknar med at dei totale investeringane i ENØK vil vere finansiert i løpet av ca. 4 år.

IKT-kostnadene utgjorde 3,8% av totale driftskostnader i 2024. Det er framleis store behov for løysingar knytt til IKT, t.d. saks- og arkivsystem og digitalisering.

Det er positivt at eigeninntektene auka med 7% frå 2023 til 2024 og utgjer no 20% av omsetnaden. I «plan for eigeninntening 2023-2027» er målet 20% innan 2024 og 24% innan 2027, så vi er i rute. Vi har satt konkrete mål for nivå på eigeninntekter både i 2025 og vidare år, m.a. ved vidareutvikling av museumsbutikkane og nettbutikken, sal av kurs og tenester for m.a. statsforvaltar, andre muse og private kundar.

Likviditeten er tilfredsstillande. Det er avsett 1,3 mill. til framtidig vedlikehald av bygg. Vi har plan for vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen med eit kostnadsoverslag på 10-20 mill. Dette krev ressursar det ikkje er rom for å sette av i driftsbudsjetta. Det er tatt til orde for å etablere eit årleg fond for musea for å løyse denne utfordringa. Parallelt gjer vi prioriteringar for å sikre at vi tar vare på den mest verdifulle kulturhistoria.



Dokumentasjonsteamet på Osterøy museum



Dokumentasjonsteamet ser på utstillinga 99. bataljon på Vestnorsk utvandringscenter

## 5. Heilskapleg samlingsutvikling

All samlingsutvikling i MUHO skal skje i tråd med samlingsplanen. Vi skal ha godt oversyn over samlingane museet forvaltar og gjere dei tilgjengelege. Museet skal prioritere i eksisterande samlingar for sikre betre oppbevaring, gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.

Det er brukt totalt 6,7 månadsverk for å auke talet på digitaliserte gjenstandar og arbeidet med prioritering i samlingane held fram. Det er, i tråd med retningslinjer, gjort vurderingar og førebuing av destruering av Garverimuseet på Osterøy.

Vi har hatt gjennomgang av rutinar kring inntak av gjenstandar m.m. for å sikre at praksis er i samsvar med Spectrum. Vestnorsk utvandringsenter (VUS) har fått meir tematisk samlingsstrategi, og i tråd med denne starta innsamling av materiale knytt til norsk utvandring til Amerika; brev, kort og gjenstandar i samband med 200-års jubileet for den norske utvandringa i 2025. Arbeidet held fram i 2025, og er ein del av ein langsiktig plan om ei meir aktiv innsamling på avdelinga. Her er det også etablert eksternt samarbeid for innsamling/dokumentasjon gjennom intervju.

Det er gjort vedlikehald av bygg i tråd med prioriteringar og Primus bygg blir fortløpande oppdatert m.o.t endringar i tilstandsgrad (TG)

og tiltaksklasse (TK). Strategi for immateriell kulturarv er revidert og det vert arbeidd med konkrete tiltak for å ta vare på sårbar kunnskap knytt til samlingane våre.

Dette året har det vore fokus på drift av maskinparken på Tekstilindustrimuseet (TIM) og det er knytt kontaktar til aktuelle samarbeidsaktørar for å sette kunnskapsoverføring i system.

Vi har betra oppbevaring gjennom reorganisering og sikrare pakking av gjenstandar, m.a. i samarbeid med dokumentasjonsteam fra Bevaringstenestene (BEV).

Tilvekst av gjenstandar i løpet av året har vore i samsvar med plan og det som er vurdert å vere handterbart for museet å dokumentere. Ein større tilvekst er ei verktøyssamling med tilknyting til Osterøy, samla gjennom fleire generasjoner.

## 6. Trygg ivaretaking

Skjøtselsplanar og andre planverktøy er oppdatert og sikrar trygg forvaltning av bygningar, kulturlandskap, kulturmiljø og gjenstandar. Årleg revisjon av sikringsplan gir oss grunnlag for aktiv og god sikring av bygg, samlingar og kulturmiljø og det er gjennomført tiltak på alle anlegg i tråd med plan. Vi har fått på plass store delar av finansieringa til nytt sprinklaranlegg på TIM.

Vi har jobba vidare med prioritering og organisering i tilgjengelege lokale for å sikre betre oppbevaring for gjenstandssamlingane. Vi har dokumentert eige arbeid innan handlingsboren kunnskap og hatt interne og eksterne kurs og undervisningsprogram for å vidareføre immateriell kulturarv. Det er lagt strategi for å sikre og vidareføre kunnskap knytt til maskinparken til det freda TIK-anlegget Salhus Tricotagefabrik. Asbestsanering i fabrikken har følgt finansierings- og framdriftsplan.

Strategiprojekt har kartlagt og utforska behovet for fellesløysingar innan bygningsvern og det er utarbeidd strategi for å dekke dette, m.a. i samarbeid med bygningsvernnettverket i VLFK. Vi har arbeidd målretta for å sikre politisk forankring av planane om nytt Samlingssentrum med konkret resultat i positivt vedtak hjå VLFK, der det er sett av ressursar til vidare arbeid for å realisere prosjektet.



Restaurering av naust på Lyngheisenteret

## 7. Kulturlandskap

MUHO er det einaste museet i Noreg med to autentiske gardar som har produsert mat og virke i over tusen år og framleis er i drift. Vi forvaltar nasjonal kompetanse knytt til tradisjonell drift og forvalting av kysten sitt kulturlandskap; lyngheiene på Lyngheisenteret som er registrert i Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) og det freda kulturlandskapet Havrå, som også har plass på den eksklusive lista over UKL (Utvalde kulturlandskap). Til saman forvaltar vi 3626 dekar med kulturlandskap av nasjonal interesse og verdi.

I 2024 har vi halde fram samarbeid med FOU-partnarar som forskar og formidlar på klima og berekraft i landsskapssamlingane våre, og vi har leverer faglege rådgjevingstenester på oppdrag frå offentlege og private aktørar. Mellom anna har vi delteke i forskingsprosjektet DURIN som forskar på lyngdominerte økosystem si rolle i klimaregulering, vi har arrangert faglege aktivitetar knytt til kystlynghei på oppdrag frå Statsforvaltaren, vi har hatt rolle som nasjonal koordinator for kystlynghei på oppdrag for Miljødirektoratet, og vi har rådgjeve Avinor Bergen om ny bruk av tidlegare miljøforeureina areal. Desse aktivitetane bidreg til at vi gjennom året har ytlegare styrka vår posisjon som eit unikt kompetansesenter for bruk og ivaretaking av kystlynghei.



Nye lam på Havrå

Vi har også halde fram arbeidet med ei ny formidlingssatsing der vi som kulturinstitusjon skal syne veg gjennom det grøne skiftet. Sentralt i satsinga står «Naturrom Lygra», som er ei ny utstilling og eit nybygg der vi skal formidle problemstillingar og løysingar på vår tids største utfordringar: klimaendringar og naturtap, og konsekvensar det har for naturmangfold, matproduksjon og velferd. Nybygget vil ligge plassert midt i eit levande kulturmiljø – og midt i Nordhordland UNESCO Biosfæreområde, og ha ideelle føresetnadalar til å formidle i skjeringspunktet mellom forsking, formidling, undervisning og forvalting på ein forståeleg og engasjerande måte. Finansiering til Naturrom Lygra har dessverre ikkje kome på plass i 2024, men vi har arbeidd med å løfte prosjektet politisk og opplever forståing for at prosjektet er relevant og aktuelt – derfor håpar vi resterande midlar snart er på plass.

Den geopolitiske uroa har vakse seg større gjennom 2024, og vi opplever veksande interesse for ressursane kulturlandskap representerer for matberedskap, i tillegg som arena for kultur- og naturarv. Vi har mellom anna delteke på Klimathon – ei intensiv samling på tvers av sektorar – for å diskutere kulturbaserte løysingar på klimatilpassing, og bidrege til ei eiga oppfølgingssamling med fokus på kystlynghei som døme på kulturbasert løysing i klimautfordringa.



Lyngbrenning på Lyngheisenteret.

## 8. Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv (IKA) er ein integrert del av drift og forvalting av industriarven og dei levande samlingane på Havrå og Lygra. Vi har difor høgt fokus på å sikre kunnskap hos eigne tilsette om arbeidsmetodar og reiskap/maskinar/utstyr.

Arbeidet med å sikre og vidareføre handlingsboren kunnskap er sentralt i alle deler av verksemda vår; som metodikk i forvaltning av samlingar, kulturlandskap og kulturmiljø, gjennom formidling der levande kunnskap er viktig verkemiddel for å levandegjere samlingane og som tema i kunnskapsopplevingar, i tillegg til å vera grunnlag for deltaking i forskingsprosjekt.

Vi ser på den immaterielle kunnskapen som del av samlingane våre der museet har teke ansvar for å sikre og vidareformidle utvalde praksistar og styrker kjeldeverdien i gjenstands- og bygningssamlingar,

Dette året har vi hatt fokus på å formidle tekstilkunnskap, bygningshandverk, forvaltning av kystlynghei, praksis i slåtonna og reiskapskultur gjennom kurs, rådgjeving og undervisningstilbod til grunnskule og høgskule. Tekstilkunnskap og kunnskap om landskapsforvaltning er også grunnlag for dei formaliserte forskingssamarbeida MUHO har hatt i 2024.



Kurs i veving av varafell på Osterøy museum

## 9. Bygg og anlegg/ Bygningsvernar

Vi har ein stor kulturhistorisk bygningsmasse. Alle dei kulturhistoriske bygningane er ferdig registrert og publisert i Primus bygg og tilgjengeleg i Digitalt museum. Primus bygg fungerer som forvaltningsplan for den kulturhistoriske bygningsmassen. Dette har gitt oss godt oversyn over behova for vedlikehald og mogelegheit til prioriteringar. Asbestsaneringa i det freda TIK-anlegget i Salhus har vore høgt prioritert og del av arbeidet med å intensivere og betre tilstanden på bygningsmassen.

I 2024 endra Nybyggjarstova på Vestnorsk utvandringssenter status frå TG3 til TG 1 då bygningen no er retta opp og sett i stand.

Utover dette er dei andre bygningane som i fjor var i TG3, av ulike grunnar, framleis i TG3. Dette kjem mellom anna av at det har teke tid å skaffe fullfinansiering og rivningsløyve. Ein annan grunn er at handverkarar har fulle ordrebøker og igangsetting må utsettast. I 1900-bygget ved TIM har arbeidet med å sikre og styrke bygningen med rotkne starta opp i 2024, men det er framleis mykje som står att. Det har mellom anna teke tid å skaffe slikt spesialvirke. Dermed har 1900-bygget framleis tilstandsgrad 3. Det har i 2024 blitt lagt til eit nytt bygg i denne kategorien. Difor er antal bygg i TG 3 uendra. Bilde 11 eller 12 (eller begge): Nye rotkne på Tekstilindustrimuseet. Vi har ein vedlikehaldsplans med kostnadsoverslag for å sette bygningsmassen i TG1. Vi prioritær arbeidet med å sette i stand bygningane med status TG3 og forventar å nå dette målet i 2027.

### STATUS BYGG PER 31.12.2024:

TG 0: Ingen symptom	0
TG 1: Svake symptom	35
TG 2: Vesentlege symptom	58
TG 3: Kraftige/alvorlege symptom	8



## 10. Fellestenester for musea i Vestland

Det vart dokumentert, tilstandsvurdert og flytta inn 1862 gjenstandar i fellesmagasinet. Fleire av gjenstandane har stått i karantene, da dei ikkje kan frysast eller varmebehandlast for skadedyr. Konservatorane har arbeidd ute i musea med pakking av store tekstilar, skjøre gipsskulpturar og papir i store format for magasin. Vi arbeider saman med lokale samlingsforvaltarar slik at

dei kan forsette arbeidet på eiga hand. Vi har arbeidd med ein plan for tilsyn og reingjering av Kode sine komponistheimar, såkalla Housekeeping.

I tillegg har vi halde kurs om mugg og helsefarlege stoff i samlingane, samt eit kurs i gjenstandshandtering for musea i Vestland. Vi er navet i felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Vestland, og gjennomførte ein fagdag for gruppa der medlemmene mellom anna fekk øve på å lage ein plan for prioriterte objekt som skal reddast i ei krise.



## 11. Relevant formidling

Det har vore eit aktivt år med stor aktivitet på fleire frontar.

For å vidareføre immateriell kulturarv har vi halde kurs og undervisning innan bygningshandverk, tekstile teknikkar og materialkunnskap, forvaltning av kulturlandskap, samt formidla fagkunnskap gjennom lesarinnlegg, foredrag og eit breitt undervisningstilbod. Vi har gjennomført det årlege arbeids- og undervisningsprogrammet knytt til slåtten, formidla forvaltning av og verdiane i kystlyngheia og gjennomført kurs og foredrag innan bevaring og samlingsforvaltning for musea og andre organisasjonar (m.a. Norsk handverksutvikling og Kirkelig Arbeidsgiverorganisasjon).

Vi har jobba målretta med SoMe. Kompetansebygging og betre organisering av digital formidling har ført til fleire følgjarar og større engasjement. Vi arrangerte to-dagars kurs i universell utforming (UU) og har lagt til rette for gjennomgående UU i formidlinga. Det er gjennomført tiltak for å gjere utstillingar og kunnskap meir tilgjengeleg, m.a. gjennom produksjon av innhald for bruk av QR-kodar, både ute og inne. Vi tilbyr tilrettelagte omvisingar for grupper og «Mangfaldsplakaten» sikrar mangfaldsperspektivet i arrangement og aktivitetar. Vi har arbeid strategisk for å nå fleire barn og unge, m.a. i prosjekta «Buksa mi» og «Blodig alvor» som er under arbeid. Prosjektet «Nye stemmer» gir ny kunnskap og forteljingar som er innarbeidd i formidlinga. Alle undervisningsopplegga våre er tilgjengeleg på DigitaltMuseum som no har tatt over for Museumslosen.

### Seminar/workshop/kurs i MUHO 2024:

- Sommarskule på fjorden og i lyngheia
- Sommarskule vevkurs og aktivitetar for born/ungdom
- Bergen strikfestival
- Kurs i sortering av Villsau-ull under Ullveka
- Kaldfarging av ull, skinn, garn m.m. "Lek med fargetoner og effekter" (Ullveka)



- Kreativ toving. Sommarakademiet, Ullveka Ullvekekonferansen 2024
- Kystlyngfestivalen 2024
- Veve-workshop
- Reparasjonsverkstad
- Sykurs
- Workshop nælebundne golvmatter (ullveka)
- Utvandringsfestivalen - Språk og kultur på vandring
- (Re)fashioning the future III
- Vevkurs - åkle og varafell på Oppstadvev
- Kurs i plantefarging
- Temadag for alle tilsette på Kraftmuseet om tekstil- og gjenstandshandtering spesielt, og om samlingsforvaltning generelt.
- I samarbeid med Norsk handverksinstitutt har vår metallkonservator delteke på tre workshops om behandling av historiske metallgjenstandar saman med to gjortlarar og deltakarar frå KA (Kirkelig Arbeidsgiverorganisasjon) og Riksantikvaren.
- Kurs om pakking av flate papirgjenstandar i store format, som t.d. kart, arkitekt- og skipsteikningar, rullegardiner osv. for musea i Vestland.
- Kurs om helsefarlege stoff i samlingane for musea i Vestland
- Kurs om gjenstandshandtering, på Tinghuset i Førde for dei konsoliderte musea i Vestland

## Eksterne kursoppdrag

- Kurs plantefrasing for UiB/ Kunststudentar
  - Kurs tekstilkultur ved HVL/Vestnorsk kultarakademi
  - Nasjonal koordinator/rådgjevar for MD for Kystlynghei
  - Kurs i plantefrasing/Åsane bibliotek/Landås bibliotek
  - Kurs om bruk av restegarn/Åsane bibliotek
  - Kurs i Redesign og materialkvalitet/Bergen offentlige bibliotek
  - Utstilling om norsk tekstilindustrihistorie – Arendalsuka 2024
  - Utstilling om norsk tekstilindustrihistorie – NF&TA konferansen i Oslo
  - Kurs/foredrag om tekstilkunst, Ålborg folkeuniversitet
  - Foredrag om Tekstilindustrimuseet, Teko teknisk forening
  - Foredrag om Tekstilindustrimuseet, Bymiljøetaten i Bergen kommune
  - Foredrag om Tekstilindustrimuseet, Byplan, Bergen kommune
  - Fordrag for ein tsjekkiske delegasjon i regi av Miljødirektoratet
  - Foredrag om kystlynghei. Berekraftsveko på Kystmuseet i Øygarden
  - Foredrag om kystlynghei. Birøkterarrangementet Vossamøtet
  - Foredrag om naturverdiar i skog. Frukstmøte i regi av FutureBuilt om berekraftig bruk av tre,
  - Foredrag om naturbaserte løysingar på klimatilpassing. Rosendalsveko
  - 2 Foredrag og deltaking i panelsamtale og workshop, Klimathon Haugesund / Ryvarden
  - Foredrag om lyngbrenning for Norsk Landbruksrådgjeving (NLR)
  - Heildagskurs for Bransjeforeningen for Naturkonsulenter
  - Foredrag Lyng- og villbrannseminar Haugalandet
  - Kurs om mugg og helsefarlege stoff for musea i Møre og Romsdal.
- Dette var eit betalt oppdrag.

## Fagdagar på oppdrag for Statsforvaltaren 2024

Lyngheisenteret har avtale med Statsforvaltaren i Vestland om å arrangere fagdag for kystlynghei og arrangere fagdagar innan slåttemark og haustringsskog i indre Sogn, saman med De Heibergske Samlinger i MiSF. I 2024 arrangerte vi to fagdagar med kystlynghei, birøkt og pollinatrar i fokus, som ein del av Kystlyngfestivalen på Lyngheisenteret.

Galleri Salhus er ein attraktiv utstillingsarena for kunstnarar nasjonalt og har bidratt til auka merksemd og styrka omdømme for tekstilkunstnarar og kunsthandverk. I 2024 var det 6 ulike utstillingar i galleriet. Innkjøpskomiteen for Norsk Kunsthåndverk vitja nokre av utstillingane og kjøpte eit verk av Kristin Austreid til KODE og eitt verk av Signe Halle til Nordenfjeldske Kunstmuseum. Totalt opna vi 12 nye utstillingar i 2024, inviterte til 87 ulike opne møter, foredrag og seminar, 1 teateroppsetjing og til 3 konserter.

## Utstillingar i MUHO 2024

- IMAGINE med tre Bergens-baserte kunstnarar Signe Halle, Masoud Alikeza og Kristin Austreid
- «Obroni Wavu/ Fashion Dumpsite» av Søren Zeuth
- Fakultet for Kunst, musikk og design på UiB: Textiles
- «In under genom upp och sedan ut» - Kari Dyrdal, Emilia Elfvik (SE), Liisa Hietanen (FI), Kari Hjertholm (NO), Kari Steinhaug (NO), Grethe Witrock (DK)
- «Beretningar frå den forbodne hagen – Off New Spring», Siren E. Wilhelmsen
- «Off the wall/table» - juleutstilling med kunst og kunsthandverk
- Kreative arbeider i skinn og ull - Grethe Lillehammer
- Raggvarafeldur utstilling - Hanne Tyholt
- Vandretstillinga Sirkulære Nordhordland
- Språk og menneske på vandring (innlånt)
- Temautstillingar til arrangement og jul
- «VON» Heidi Bjørnsdatter

I 2024 hadde museet sine første 2 offisielle kunstnaropphald. Første periode var frå midten av april til midten av mai. Dei første gjestekunstnarane på vårparten var Gro de Martine (NO) og Pinelopi Triantafyllou (GR), som arbeider med tekstilkunst. I andre periode, kunstnarane Anne Marie Hirmer (DE) og Jenni Österlund (F) som arbeider med tekstil og fiber, performance og musikk.

## Digital formidling

Vi er aktive i sosiale media og deler innhald jamleg. Det har vore viktig å ikkje berre dele informasjon om tilboda, men òg vise fram samlingane og musea til dei som kanskje ikkje har moglegheit til å besøke museet. Såkalla «behind the scenes»-filmar ser ut til å vere populære blant publikum. Facebook og Instagram er mest brukt, både for innlegg, historier og reels. Vi har også lagt ut ein del innlegg på LinkedIn. Vi ser at videoar er det som gjer det best med tanke på rekkevidde på SOME, så vi skal prioritere meir av det framover.

Vi når framleis fleire brukarar på Facebook enn på Instagram, men det er litt forskjell på kva målgruppe vi når på dei ulike plattformene.



På begge plattformar når vi flest kvinner, der 71% av følgjarane våre på Facebook er kvinner og 73% på Instagram. Vi når flest i alderen 45-54, 44-64 og 65+ på Facebook, medan vi når fleire i gruppa 25-34, 34-44 og 45-54 på Instagram. Vi når nesten ingen i gruppa 18 til 24. Vi har opprettet ein annonsekonto på Snapchat for å prøve å nå fleire i den målgruppa. Facebook-kontoen vår har god rekkevidde i juni og juli, gjennom sommarkampanje. Facebook-kanalen knytt til Havrå hadde stor internasjonal rekkevidde på 11,8 mill. i juli og august, etter at ein video om høybering gjekk viralt og skapte eit høgt engasjement med mange kommentarar. Mange synast Havrå er spennande og tema berekraft og ressursbruk engasjerer.

Bergen Strikkefestival hadde god digital rekkevidde rundt tidspunktet for festivalen og gav auka merksemd for arrangementet.

Kvar år har dei som arbeidar med formidling interne kurs i sosiale media for å halde seg oppdatert på brukarinsikt. Det har ført til auka aktivitet og bruk av digital formidling.

Det blir jobba målretta med marknadsføring av tilboda til musea som og fører til auka følgjartal.

Vi arbeider med eit digitalt spel «Blodig alvor» med bakgrunn i garden Havrå, som vil vere eit godt tilbod til dei som ikkje kan besøke og oppleve museet fysisk.

Tekstilindustrimuseet har fått på plass to skjermar i utstillinga der publikum kan sjå filmar som fortel om produksjonen i fabrikken. Det er også tatt i bruk QR-kodar i utstillinga som gir publikum moglegheit til å lære meir. Vestnorsk utvandringssenter har plassert ut QR-kodar som lenkar til artiklar der publikum kan lære meir og Bevaringstenestene deler jamleg arbeidsprosessar i SoMe som skapar engasjement.

## 12. Solid kunnskapsproduksjon

Vi har revidert forskingsplan og kontinuerleg vurdert nye interne tiltak som sikrar utvikling av kompetanse og kunnskapsproduksjon, m.a. gjennom rekruttering, deltaking i fellesprosjektet «Infrastruktur innan forskning i musea» i VLFG og prioritering av tid for tilsette til kompetansebygging gjennom UiB sine forskingsfag og artikkelproduksjonar. I Borgund-Kaupang-prosjektet er vårt delprosjekt avslutta og den første artikkelen er godkjent for publisering i 2025. Nasjonalt prosjekt med tema Pelsdyrnæringa har gjennomført forprosjekt i 2024, men fekk ikkje finansiert hovudprosjekt med m.a. vitskapleg artikkel. Prosjektsamarbeid i nasjonale museumsnettverk og andre Fou-institusjonar har styrka oss fagleg og gitt ny kunnskap som gjer samlingane våre relevante: «Samlingenes mange stemmer» i Mangfaldsnettverket



**Video på Facebook av høybering på Havrå**



**Artist in residency på tur til Hillesvåg**



**Utstillinga Sirkulære Nordhordland på rundreise i regionen.**

har utvikla kunnskap gjennom samtidsskribasjoner av migrantar si oppleveling av møtet med det norske samfunnet. Prosjektet «Bærkraftige Energinarrativer? Industrimuseene møter klimakrisa» er i ferd med å bli avslutta med planlagt artikkel. Den forskingsbaserte vandreutstillinga «Sirkulære Nordhordland» er opna og vert vidareutvikla med m.a. to pågående NFR-prosjekt som del av kunnskapsproduksjon til den nye utstillinga på LHS: «DURIN» og «BIOSPHERE». Vi er medforfattar på to internasjonale fagfellevurderte forskingsartiklar som nyttar data frå LANDPRESS-prosjektet og det er produsert to vitskaplege artiklar innan feltet samlingsforvalting.

### FORMALISERT FOU-SAMARBEID OG NETTVERKSARBEID:

- Nettverk for arbeiderkultur og arbeidslivshistorie
- Nettverk for teknologi og industrihistorie
- Nettverk for drakt og tekstil
- Nettverk for minoriteter og kulturelt mangfold
- Nettverk for kulturlandskap
- Nettverk for tradisjonshåndverk og bygningsvern
- Nordisk Kulturlandskapsforbund
- Nettverk Nordhordland biosfæreområde
- European Heathlands Network
- Regionalt nettverk for industriminne
- Leiar av det nasjonale lyngheinetverket LyngNett



**Bæring i kipe på Lyngheisenteret**

### PUBLIKASJONAR 2024

«Development and evaluation of generalized fuel models for predicting fire behaviour in northern European heathlands»  
iForest 17

«Extreme drought impacts have been underestimated in grasslands and shrublands globally»

«Plant trait and vegetation data along a 1314 m elevation gradient with fire history in Puna grasslands, Perú»  
Proc. Natl. Acad. Sci. U.S.A. 121

«Environmental drivers of increased ecosystem respiration in a warming tundra»  
Nature 629

«Om huskledning før og nå»  
Harvest Magasine

## 13. Klima og miljø

Som organisasjon skal vi ta vår del av ansvaret for å nå FN sine berekraftsmål.

Med forvaltingsansvar for 107 bygg på 17000 m<sup>2</sup> og 3626 dekar kulturlandskap, har vi mål om å redusere klimautslipp og påverknad på det ytre miljø. Systematisk arbeid gir også meir effektiv drift og kostnadskutt. Resertifisert Miljøfyrtårn og rapporterer på mål knytt til forbetringar innanfor arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport.

Straumforbruket var på 668.374 kWh i 2024 mot omlag 1. mill. kWh. Vi reknar med ein nedgang i 2025 då vi vil få full utteljing av ENØK-tiltaka 2022-2024 for tot. ca. 3 mill.

Vi har jobba med arbeidsmiljø for å styrke det sosiale fellesskapet, har medarbeidarsamtalar, medarbeidarundersøking m.m.

Ved bruk av vesentlig.no har vi fått systematisk oversyn over påverknadene våre på miljøområdet og definert områda som skal prioriterast.

Vi har levert omfattande innspel til klima- og miljøprogram for kultursektoren og jobbar fagleg med klima- og miljøspørsmål som skal engasjere publikum til å ta del i det grøne skiftet.



Besøk av kulturministeren

## 14. Arbeid i museumsregionen

Kulturverntenesta i Nordhordland (KIN) gir råd og rettleiing om å ta vare på kulturminna kring oss og formidle kunnskapen om dei vidare til andre. Tenesta vart oppretta i 2006, då fleire kommunar i samarbeid med MUHO og Hordaland fylkeskommune gjekk saman om ei museumsteneste. Samtidig oppretta Hordaland fylkeskommune ei regional stilling som bygningsvernksulent i MUHO.

Hovudaktiviteten til KIN ligg innan feltet bygningsvern. Tenestene er tilpassa dette behovet slik at både museums- og bygningsverntenesta fritt kan nyttast av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Alver. Vi tilbyr også, i samarbeid med KulturIT, avtale om og tilgang til katalogiseringsprogrammet Primus, og rettleiing kring registrering av samlingar.

I alle kommunane er dei vedtekne Kulturminneplanane eit godt og viktig verktøy for å prioritere oppgåver for samarbeidet. Men det har også dette året vore tettast samarbeide med dei kommunane som aktivt brukar kulturminneplan i forvaltninga.

### Museumstenesta: Database- og registreringsprogrammet

Primus er tilgjengeleg for historielag i regionen.

**Bygningsvern:** Det har vore jamm aktivitet gjennom heile året, i tråd med måla om å gje fri rådgjeving. Det gjeld saker som arkitektfaglege spørsmål om eldre bygningar, dokumentasjon av bygningar og kulturmiljø, finansiering av tiltak og arbeide med søknadar. I tillegg til dei nemnde rådgjevingstenestene tek Kulturverntenesta oppdrag med dendrokronologisk datering av bygningar. Oppdragsgjevar har oftast Vestland fylkeskommune, men også andre fylke og private har nytta seg av denne tenesta.



«Språk» under familieday på Vestnorsk utvandringssenter

## 15. Mangfold og inkludering

MUHO har ein mangfaldsplakat som legg vekt på mangfold innanfor alle felt; programering, personell, publikum og samling. Vi forsøker å etterleve dette, og implementere dette i rutinane våre.

Vi har på Vestnorsk utvandringssenter samla inn nye stemmer frå menneske med minoritetsbakgrunn. Dese stemmene blir del av formidlinga vår, og skal bli element i ny utstilling. Utvandringsfestivalen i 2024 hadde tema språk og menneske på vandring, og vi inviterte til medverking med internasjonal kafé og fribillettar til flyktingar. Vi har utarbeidd og gjennomført program i Den kulturelle spaserstokken retta mot personar med demens og gjennomført tilrettelagte omvisingar for menneske med synsutfordringar.

På Tekstilindustrimuseet aksepterer vi aktivitetskort som gjev gratis inngang for vaksne i følgje med barn. I tillegg har vi "gratis søndag" fire gonger i året.

På Osterøy Museum har vi samarbeid om eit valfag (Tradisjonshandverk) med Osterøy Ungdomsskule som er eit svært nyttig tilbod for begge parter. På Utvandringssenteret har vi hatt samarbeid med den lokale skulen gjennom året, og to ulike elevbedrifter har tatt over kafédrifta ein dag i månaden og på eit kveldsarrangement. Dette har gitt både medverking, samarbeid og møtepunkt på tvers av generasjonar. Vi har dessutan fast og

godt samarbeid med frivillige som hjelper til med kafédrifta og på arrangement.

Lynghesenteret har med utstillinga Sirkulære Nordhordland skapt ei utstilling som reiser rundt i Nordhordland og på den måten når ut til fleire og potensielt nye besøkande til museet. Med denne utstillinga når vi ut til grupper som ikkje nyttar, eller kjenner til museet frå før, då utstillinga er plassert i områder som tiltrekker seg eit breitt lag av befolkninga på tvers av alder, interesser, kjønn m.m.

Vi har hatt kunstnaropp hold av internasjonale kunstnarar ved fleire høve gjennom året, som også har resultert i nye utstillingar.

Vi arrangerte to dagars seminar med kompetanseheving innan universell utforming for mange av våre tilsette, og for kollegaer frå andre muse i Vestland. Her hadde vi med oss ressurspersonar frå brukargrupper som kunne gje oss råd og rettleiing. I kjølvatnet av dette har vi planlagt og gjort fleire konkrete tiltak for å legge betre til rette både fysisk og digitalt på arenaene våre.

Vi har uttalte mål om å få betre kjønnsbalanse blant dei tilsette. Dette er krevjande då fleirtalet av søkerane på stillingar, er kvinner.

Vedtekene våre set krav til minimum 40 % representasjon av begge kjønn.



«Språk» under familieday på Vestnorsk utvandringssenter

# 17. Rekneskap og revisjonsrapport

Ferdig oppstilling fra revisor

## Stiftinga Museumssenteret I Hordaland

### Resultatrekneskap 2024

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2024	2023
Oftentlege tilskot		44 172 525	41 007 010
Andre inntekter		10 688 413	10 016 069
Sum driftsinntekter		<u><u>54 860 938</u></u>	<u><u>51 023 079</u></u>
Varekostnad		963 985	966 517
Lønskostnader m.m.		<u>1</u> 39 317 63	36 582 138
Avskrivning på driftsmidlar		2 439 310	571 384
Andre driftskostnader		15 736 807	14 589 429
Sum driftskostnader		<u><u>56 457 885</u></u>	<u><u>52 709 468</u></u>
Driftsresultat		<u><u>-1 596 927</u></u>	<u><u>-1 686 389</u></u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Andre renteinntekter		428 850	377 615
Andre finansinntekter		58 213	50 115
Andre rentekostnader		<u>3</u> 79 370	83 205
Resultat av finanspostar		407 693	344 524
Resultat for skattekostnad		<u>-1 189 234</u>	<u>-1 341 865</u>
Resultat		<u><u>-1 189 234</u></u>	<u><u>-1 341 865</u></u>
<b>Omlaupsmidlar</b>			
Lager av varer			<u><u>571 549</u></u>
Fordringar			<u><u>502 745</u></u>
Kundefordringar			
Andre fordringar			
Tilgode tilskot			
Sum fordringar			
<b>Årsresultat</b>			
<b>Som vert nytta slik:</b>			
Avsett til anna egenkapital			
Overført frå anna egenkapital			
Netto			
		<u><u>-1 189 234</u></u>	<u><u>-1 341 865</u></u>

Stiftinga Museumssenteret I Hordaland	Note	2023
Eiga		
Varige driftsmidlar	2	14 527 598
Museumsbygg		14 682 927
Inventar, bilar m.m.	2	1 700 006
Sum varige driftsmidlar		<u><u>16 227 603</u></u>
Aksjar og fordringar		1 983 987
Investering i aksjar, andeler og fond		
Sum aksjar og fordringar		
Sum anleggsmidlar	5	4 144 000
Omlaupsmidlar		4 144 000
Lager av varer		
Fordringar		
Kundefordringar		
Andre fordringar		
Tilgode tilskot		
Sum fordringar		
Bankinnskot, kontantar o.l.		
Sum omlaupsmidlar		
Sum eiga		
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>		
<b>Sum omlaupsmidlar</b>		
<b>Sum eiga</b>		
		<u><u>13 780 008</u></u>
		<u><u>15 664 995</u></u>
		<u><u>24 905 834</u></u>
		<u><u>23 918 563</u></u>
		<u><u>45 277 437</u></u>
		<u><u>44 729 477</u></u>



Bergen strikkefestival  
Foto: Sylwia Boas

## 16. Frivillig arbeid

Det frivillige arbeidet som har vore utført ved fleire av musea våre er særsviktig. Dei utgjer eit viktig element i aktivitetene ved avdelingane og står bak arrangement, dugnadar og dokumentasjonsarbeid.

Utvandringssenterets venneforeining sitt arbeid gjer eit løft til store familiearrangement og bidreg med planlegging og gjennomføring av Utvandringsfestivalen. Drifta av Torsdagskafeen er òg avhengig av den gode hjelpa frå dei frivillige. Totalt på Vestnorsk utvandringssenter vart det lagt ned nær 600 timer med frivillig innsats.

På Tekstilindustrimuseet arrangerer vi Bergen Strikkefestival kvart år. Det hadde vi ikkje klart utan våre gode frivillige som hjelper oss med alt frå billettsal, til vakthold og kaféarbeid. Vi har om lag 40 frivillige, og mange har vore med sidan starten i 2016.

Vi har jobba med å knytte kontakt med kulturlivet og frivillige i Åsane. I september hadde vi haustsamling på Tekstilindustrimuseet med LivOgLyst i Salhusgrenda.

**Osterøy sogelag** har etter avtale med museet fått tomt på museumsområdet til eit boklager/møtelokale. Bygging pågår. Åleg sogeneskriv er også eit samarbeide mellom museet og sogelaget.

**Treskoverkstaden:** det vert arbeidd med å få ny aktivitet i verkstaden. Frivillige har delteke når verkstaden har vore open.

**Kunstfestivalen Håsong, Mjøsvågen:** Museet deltok med aktivitetar i treskoverkstaden og plantefarging.

**Haus kulturminnelag:** Målet er å få restaurert smia i Mjeldalen slik at kulturminnelaget kan bruke den til aktivitetar. Planlagt søknadar mm haust/vinter.

**Osterøy museumslag** har hatt fleire arrangement og elles hjelpt med dugnadar på museet.

Vi prøver ut arrangementet «Kveldsseta» i samarbeid med **Osterøy Spel- og dansarlag**. Mål å etablere ein fast møtestad på museet med folkemusikk.

<https://folkorg.custompublish.com/kveldsete-paa-osteroy.6692330-608744.html>

Elles samarbeider museet med andre lag om ulike arrangement.

# 18. Revisjon 2023

For Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Org. Nr. 971 349 743

Til styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland



RSM Norge AS

Kanalveien 105 B, 5068 Bergen

Postboks 63, Kristiansborg, 5822 Bergen

Org.nr.: 982 316 588 MVA

T +47 55 55 77 77

F +47 55 55 77 70

[www.rsmnor.no](http://www.rsmnor.no)

Melding fra uavhengig revisor 2024 for Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

Styrer og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiringa) er ansvarlege for å utearbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med tekniskapla sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiringa er også ansvarlig for nadsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiringa ta standpunkt til seierskapet si evne til å halde fram med drifta og oppnåre om litt ikke av betydning for dette. Forseireaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verkena vil bli avvikla.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiringa ta standpunkt til seierskapet si evne til å halde fram med drifta og oppnåre om litt ikke av betydning for dette. Forseireaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verkena vil bli avvikla.

**Melding fra uavhengig revisor**

**Uttale om årsrekneskapen**

**Konklusjon**

Me har revisert Stiftinga Museumssenteret i Hordaland sin årsrekneskap som viser eit understøpt på Kri 1 189 234. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoën og notar til årsrekneskapen, medeknha eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Eiter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gi årsrekneskapen eit rettvisande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoën, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisionsstandardane International Standards on Auditing (ISA-anne). Være oppgaver og plikter etter dese standardane er skildra i Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er i overvenging av stiftinga slik det er krav i lov, forsiktig og International Code of Ethics Standards Board for Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandardar) utstedt av den Internasjonale Etiske Standardseteren for Professionell Praksis (IESBA-eigene), og har oppfyllt dei andre tekniske piklene vare i samsvar med. Etter vår vurdering er intet i revisjonsteiks tilstrekkelig og føremålstene som føremålstene som gjennomgått for konklusjonen var.

**Øvrig informasjon**

Styret og daglig leder (leidseen) er ansvarlige for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter informasjon om rapporten bortsett fra årsregnskapet ovenfor dekkjer ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vart oppgåve å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrig informasjon og årsregnskapet og den kumskap vi har oppnådd under revisjonen av årsregnskapet eller hvordan øvrig informasjon elers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere desom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenitet å rapportere i så henseende.

**THE POWER OF BEING UNDERSTOOD  
ASSURANCE | TAX | CONSULTING**

RSM Norway AS, org. nummer 91231658, RSM Advokatfirma AS (organisasjonsnummer 91 409657),

RSM Norway AS er ført inn av RSM Nettverket og danner delen av RSM. RSM AS er formannskapsmedlem i RSM Nettverket i RSM Nettverket. RSM Advokatfirma AS og RSM Norway AS er medlem i RSM Nettverket.

Hvert medlem i RSM Nettverket er et autorisert revisjons- og diaforenskingsfirma med vanlig opplæring som ikke har nivåmarkert førstesjef, et vedkommende RSM.



**Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen**

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilegikk ikke inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framførte eller ulikstilt teknisk feil og øvrig informasjon som inneholder viss konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-anne, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framførte eller teknisk feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom han, alene eller samla, minst ein meiteg gjenster kan forventast å påverke økonometriske avgjølder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For skildring av revisor sine oppgaver og plikter viser me til: <https://revisorforeningen.no/revisionsbettinger>.

**Uttale om andre lovmessige krav**

**Konklusjon om forvaltning**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovenfor, og kontrollhandlingar me har funne nærmest etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, sitt formløp og vedtektena elles.

Bergen, 28.02.2025

RSM Norge AS

Linn Christin Simseth  
Statstauskontoret revisor

<b>Stiftinga Museumssenteret I Hordaland</b>			
<b>Balanse pr 31.12.2024</b>			
<b>Eigenkapital og gjeld</b>			
<b>Bunden eigenkapital</b>			
Grunnkapital			
Sum bunden kapital			
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital			
Fri EK vedlikehold bygg			
Sum opptent eigenkapital			
Sum eigenkapital	<b>4</b>	<b>24 723 022</b>	<b>25 912 256</b>
<b>Gjeld</b>			
Langsiktig gjeld			
Sum anna langsiktig gjeld	<b>3</b>	<b>1 212 568</b>	<b>1 246 445</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld			
Skuldige offentlege avgifter			
Periodisert tilskot			
Anna kortsiktig gjeld			
Sum kortsiktig gjeld			
Sum gjeld			
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>45 277 437</b>	<b>44 729 477</b>
Salhus, 28.02.2025			
Sara Hamre Sekkingstad styreleder  Gunnar Moland styremedlem	Kamilla B.T. Karlsen nestleder  Per-Erik Gåskjenn styremedlem  Elisabeth Herdla Halvorsen daglig leder 	Tone Hellesund styremedlem  Anneli Belsvik Aras styremedlem 	

# 19. Melding frå styret

## Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2024

Museumssenteret i Hordaland vart det første konsoliderte museet i Hordaland ved samanslåinga av Norsk Trikotasjemuseum (no Tekstilindustrimuseet), Bevaringstenestene og Felleskonservator for tekniske og industrielle kulturminne i Bergen i 2004. I 2006 vart avdelinga Kulturvernenesta i Nordhordland oppretta. Frå 1. januar 2007 vart drifta av Osterøy museum, Havråtunet og ein del av MUHO, medan Lynghesenteret kom med frå 12. februar 2007. Vestnorsk utvandringsenter vart konsolidert inn 1. januar 2010. Det er f.o.m. 1.1.2011 inngått samarbeidsavtale med Bergen kommune om drift av Ådnatun.

Museumssenteret i Hordaland har regionansvar for kommunane i Nordhordland, inkludert Osterøy og Vaksdal.

### Føremål

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forsking, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapet, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel. Museumssenteret i Hordaland utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Vestland.

### 1. Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3 – 3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

### 2. Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2024 var 4,63 %, ein nedgang frå 6,3 % i 2023. Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2024.

### 3. Publikum

I 2024 har 26558 personar besøkt museet sine avdelingar. Det er ein auke på 1023 i høve til 2023.

### 4. Likestilling

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 51 faste tilsette i 47,7 årsverk. 20 % av dei faste tilsette er menn, 80 % er kvinner. I tillegg har vi hatt 24 personar som har vore sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 50,77 faktiske årsverk i 2024. Styret har 6 medlemer der 4 er kvinner og 2 er menn.

## Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2024

### 5. Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra påverknad på det ytre miljøet.

### 6. Økonomi

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Museet sin økonomi er i balanse og rekneskapen for 2024 er gjort opp med eit underskot på kr 1.189.234. Rekneskapen er sett opp basert på fortsett drift.

Salhus, 28.02.2025

Styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

  
Sara Sekkingstad  
styreleiar

  
Per Erik Gåskjenn  
styremedlem

  
Kamilla Karlsen  
nestleiar

  
Tone Hellesund  
styremedlem

  
Gunnar Moland  
styremedlem

  
Anneli Bæsvik Aras  
styremedlem

  
Elisabeth Herdla Halvorsen  
direktør

## 20. Dette er MUHO



### BEVARINGSTENESTENE

er ei felles bevarings- og konserveringsteneste for dei konsoliderte musea i Vestland, og tilbyr kurs og praktisk arbeid innan førebyggande konservering. Avdelinga har ansvar for eit fellesmagasin for prioriterte gjenstandar. I tillegg tek avdelinga betalte oppdrag for mellom anna Statsbygg, KORO, Riksantikvaren og norske museum. Avdelinga utgjer eit stort konserveringsfagleg miljø innan konservering av tekstilar, møblar og gjenstandar.



**KULTURVERNTENESTA I NORDHORDLAND**  
skal hjelpe private eigarar og kommunane med spørsmål om forvaltning og formidling av verneverdige bygningar og kulturminne. Tenestene er gratis i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.



### LYNGHEISENTERET

på Lygra er oppretta for å ta vare på kulturlandskapet på kysten og kunnskapen og tradisjonane knytt til dette landskapet. I samarbeid med lokale grunneigarar vert 1500 mål lynghei er haldne i hevd på autentisk vis. Lyngheiene er i dag ein uthyddingstruga naturtype, og meir enn 80 % av lyngheiene i Europa har forsvunne dei siste 100 år. Området er tilrettelagt for naturopplevingar, formidling, undervising og forsking.



### VESTNORSK UTVANDRINGSSENTER

er et friluftsmuseum med bygningar flyttat frå USA - Emigrantkyrkja og seks hus i Praielandsbyen. Her fortel vi om den store norske utvandringa til Amerika, og om utvandring, innvandring og kulturmøte. Vi trekk parallelar til vår eigen tid med arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre innvandrarar som kjem til vårt land, og har med seg sin kultur. Folk og kulturar vandrar, møtest og forandrar, før som no.





### HAVRÅ

er eingard i drift. Det mat- og virkeproduserande landskapet har viktige kulturbiologiske verdiar som er sterkt truga. Forvaltingsmåla er å drive garden slik ein ser det i Havråfilmen frå 1949/50. Store delar av landskapet er i dag i ein restaureringsfase. Garden er freda som kulturmiljø, og er på lista over utvalde kulturlandskap.



### TEKSTILINDUSTRIMUSEET

held til i det freda teknisk-industrielle kulturminnet Salhus Tricotagefabrik (1859–1989). I tillegg til vern og formidling av Salhus Tricotagefabrik har museet eit nasjonalt ansvar for å ta vare på historia til og forske på den norske tekstilindustrien. Museumsgjestane er lokale, regionale, nasjonale og internasjonale, og kjem for å sjå på den unike maskinparken og høre om tekstilindustrien. Saman med galleriet, museumsbutikken og kaféen gjev museet kunnskapsformidling og unike opplevelingar.



### OSTERØY MUSEUM

er eit av dei eldste folkemusea våre, med store kulturhistoriske samlingar. Arkiv, gjenstandar, foto og bygningar fortel om livet på strilelandet. I dag har museet særleg fokus på handverk og småindustri, og kunnskapsarven knytt til bruk av ull og oppstadvey, bygningshandverk og treskoproduksjon.



M U MUSEUMSSENTERET  
H O I HORDALAND